

Kollektivtilbodet – Austrheim vgs

Austrheim vgs har fått ein del tilbakemeldingar frå elevar om at kollektivtilbod til og frå skulen ikkje fungerer tilfredsstillande, spesielt ser dette ut til å gjelde til/frå Radøy. På denne bakgrunn gjennomførte me ei reisevaneundersøking, som viser at ca. halvparten er nøgd og den andre halvparten er misnøgd med kollektivtilbodet. Dette avhenger av kvar elevane bur. Halvparten ynskjer fleire avgangar, og ein tredjedel ynskjer kortare reisetid gjennom færre avstikkarar. Austrheim vgs har også hatt møte med Radøy Ungdomsråd der kollektivtilbodet har vore drøfta.

Morgon og ettermiddag

Det å kome til og frå skulen morgon og ettermiddag er det viktigaste. Stort sett fungerer dette greitt. Her er det likevel spesielt eit problem frå Sæbø krins på Radøy om morgonen, der reisetida vert sær lang for elevar derifrå, medan dei om ettermiddagen har ei heilt anna reisetid. Elles går det ein del tid vekk ved at bussen tek avstikkarar som forlengar reisetida, mellom anna buss frå Radøy som går ned til Bergsvik/Lerøy, og såleis forlengar reisetida, noko som gjer at det tek 13 minutt lengre med buss om morgonen som om ettermiddagen. Denne bussen vert også etter kvart ganske overfylt. Tilsvarande forskjell i reisetid morgon/ettermiddag ser ein også på Myking og Skodvin krinsar, men her dreier det seg ikkje om så mange elevar.

| Lokalt senter/barneskule | Morgon – reisetid minutt til Austrheim vgs | Ettermiddag – reisetid minutt til Austrheim vgs |
|--------------------------|--------------------------------------------|-------------------------------------------------|
| Bø | 31 | 22 |
| Manger | 55 | 42 |
| Sæbø (Austmarka) | 71 | 44 |
| Austebygd (Sletta) | 35 | 22 |
| Lindås | 24 | 20 |
| Skodvin | 33 | 46 |
| Myking | 60 | 45 |

| | | |
|----------------------------|----|-----------------------------------------------------------------------|
| Nordbygda/Hosteland | 65 | 4. t. og 27 min? (vonaleg er det korrespondanse på ferga som går før) |
| Fedje | 59 | 50 |

Prioriterte tiltak reisetid:

1. Kortare reisetid frå Sæbø om morgonen.
2. Kortare reisetid frå Manger om morgonen.
3. Kortare reisetid frå Myking om morgonen.

Det er viktig at eventuelt tiltak på punkt 1 ikkje forverrar situasjonen på punkt 2. Ein måte å gjere dette på er ein korrespondanse på Marås, slik at Sæbø-elevane slepp å reise om Manger.

Avgangar midt på dagen

Elevane frå Radøy etterlyser fleire avgangar midt på dagen som kan gi større fleksibilitet. Nokre av klassane sluttar tidlegare nokre av dagane, og byrjar tidlegare nokre av dagane. Avgangane frå Mastrevik mot Bergen mellom morgonrushet går no over Lindås (to avgangar). Det vil vere ynskjeleg med fleire avgangar, og eventuelt at i det minste ein av avgangane går om Radøy (vestsida Bø/Manger), men helst også ein som går om austsida (Sletta – Austmarka). Det er også ynskje om at bussavgang midt på dagen om Lindås går nedom fergekaia i Leirvåg, slik elevar frå andre sida kan komme seg over med ferga.

Prioriterte tiltak:

1. Betre samband mellom knutepunkta Mastrevik og Bø/Manger (vestsida av Radøy)
2. Betre samband frå Mastrevik over austsida av Radøy (Sletta/Austmarka)
3. Betre korrespondanse med ferge i Leirvåg.